Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 15.06.2023
Vår ref: 2019/7347
Dykkar dato:
Dykkar ref:

Sotra Fiskeindustri AS
Porsvika 57A
5381 Glesvær

Saksbehandlar, innvalstelefon
Henriette Ludvigsen, 55 57 20 93

Rapport frå inspeksjon ved Sotra Fiskeindustri AS

Kontrollnummer: 2023.001.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen
Frå verksemda:
Gert Chen-Nilsen
Trond Helge Nygaard
Julien Lejeune
Terje Lidal

Frå Statsforvaltaren i Vestland:
Grete Hamre
Henriette Ludvigsen

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Sotra Fiskeindustri AS den 28. april 2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekka 1 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

Avvik:

1. Verksemda si handtering av kjemikal er mangelfull
2. Verksemda manglar ein plan for avfall i hamna som er knytt til verksemda

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Med helsing

Grete Hamre
senioringeniør

Henriette Ludvigsen
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Sotra Fiskeindustri AS	
Organisasjonsnr.: 972088358	**Eigd av:** 963079699
Bransjenr. (NACE-kode): 10.209 - Bearbeiding og konservering av fisk og fiskevarer ellers	

Kontrollert eining

Namn: Sotra Fiskeindustri AS	**Anleggsnr.:** 4626.0144.01
Kommune: Øygarden	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Fiskeforedling	
Løyve gitt: 4. juli 2011	**Sist endra:**

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikovurderte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48 og produktkontrollova § 8.

Inspeksjonstema:

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Sediment og grunnforureining
- Avfall
- Kjemikal
- Løyve til forureining

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Sotra Fiskeindustri AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de **innan 1. september 2023** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber også om at de på same tid sender verksemda sin avfallsplan for hamna inn til godkjenning jf. krav i forureiningsforskrifta kap. 20 og rettleiar M-714 frå Miljødirektoratet .

Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgd opp ved neste kontroll

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 20. april 2023. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta§§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Sotra Fiskeindustri AS betale eit gebyr på kr. 30 000,- for inspeksjonen, jf. Forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil en dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden Norske utslipp.no, www.norskeutslipp.no.

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

6. Avvik

Avvik 1:
Verksemda sin handtering av kjemikaliar er ikkje tilfredsstillande

Avvik frå:
- Produktkontrollova §§ 3 og 3a
- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7.

Kommentar til regelverket:
Plikt til aktsemd (produktkontrollova § 3)
Ved bruk og lagring av helse- og miljøfarlege kjemikaliar må verksemda treffe rimelege tiltak for å forebygge og avgrense utslepp.

Plikt til substitusjon (produktkontrollova § 3a)
Ved bruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar må verksemda vurdere om det finst alternativ som fører med seg mindre risiko for negativ verknad på miljø. Dersom ein kan bytte kjemikal utan at dette fører til urimeleg kostnad og ulempe skal verksemda utføre bytte.

Internkontroll
Internkontroll skal sikre at verksemda har oversikt over det regelverket som gjeld for verksemda og at de har nødvendige rutinar som sikrar at krav stilte i regelverket oblir haldne. Verksemda må også dokumentere at vurdering av substitusjon er utført.

Observasjonar
Verksemda oppbevarte ein 1000-liters dunk med kjemikal like ved kaia utan oppsamling eller barriere mot avrenning til sjø. Det vart også observert at ein dunk med reingjeringskjemikal var oppbevart i eit lagerbygg og ikkje i containeren som blir brukt til oppbevaring av vaskekjemikal.

Verksemda nyttar Eco Online for å halde oversikt over dei kjemikala de har i bruk, men de har ikkje nytta programmet til å gjere ei eiga risikovurdering basert på korleis og kor mykje de nyttar av kjemikala. De kan ikkje dokumentere at de har gjort substitusjonsvurderingar.

Avvik 2: Verksemda manglar ein plan for avfall i hamn

Avvik frå:
Forureiningsforskrifta § 20-6

Kommentarar til regelverket
Kravet til avfallsplan gjeld alle typar hamner uavhengig av storleik, aktivitet eller føremål. Det er hamneansvarleg som skal sørge for at hamna har godkjent avfallsplan og avfallsmottak i tråd med planen. Hamneansvarleg er den som driv hamna. Om ingen driv hamna, er eigar hamneansvarleg. Avfallsplanen skal godkjennast av Statsforvaltaren. Kravet til avfallsplan i hamner vart innført i 2014 Avfallsplanen skal utarbeidast ut i frå vedlegg I, i kapittel 20 forureiningsforskrifta. Miljødirektoratet har laga ei rettleiing for utarbeiding av avfallsplanar i hamner; M-714. Rettleiinga kan lastast ned frå Miljødirektoratet si heimeside.

Observasjonar
Sotra Fiskeindustri har ei hamn som dei nyttar og er ansvarleg for. Verksemda hadde ikkje kjennskap til kravet om avfallsplan i hamner og har difor heller ikkje utarbeidd ein plan for avfall frå hamna.

7. Merknader

Vi gav ingen merknader under inspeksjonen.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

9. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)